

# Høyringsoppsummering «Framtidas oppvekst»

## 1. Innleiing

På vegne av kommunestyret har saka «Framtidig organisering av oppvekst» vore på høyring i tidsrommet 24.juni – 02.august.

Saka som har vore på høyring er 5-delt, der dei som har gitt innspel har blitt bedt om å ta stilling til om dei er samde i saksgrunnlaget på kvart område, og det er gitt høve til å kommentere alle svar.

Det har vore ei open høyring, og den har vore publisert på heimesidene til Sauda kommune frå og med 21.juni 2024. Høyringa har vore annonsert i lokalavisa «Ryfylke», og informasjon med link til høyringa har vore delt fleire gonger på Sauda kommune si Facebook-side. Lokalavisa Ryfylke har også omtalt høyringa i fleire artiklar, og dei har delt informasjon om korleis ein kan gi høyringsinnspel. I tillegg er det via e-post sendt informasjon om høyringa - med oppmoding om deltaking - til alle føresette i barnehagar og skular, til alle tilsette i barnehagar, skular og til tilsette i andre tenester som jobbar for barn og unge i kommunen vår, samt til fagrørslar som organiserer tilsette i barnehagar og skular.

Den tekniske løysinga som er nytta til høyringa er Forms. Dette skjema har den fordel at ein får fram grafiske modellar som oppsummerer innspela. Det har den ulempe at det ikkje er ei automatisk kopling til postføring, og det må gjerast ein manuell jobb på dette området. Det har gjort at sakshandsamingstida for postføring har blitt noko lengre enn vanleg. Forms har også ei avgrensing i tal teikn ein kan bruke for å sende innspel. Den som har opplyst om at det ikkje var plass til heile svaret sitt, har fått sendt dette som tillegg på e-post, og det har blitt postført.

I Forms treng ein ikkje å logge seg inn med bank-id, noko som gjer at ein kan velje å ikkje oppgi fullt namn/vere anonym, sjølv om me i skjemaet ber om namn. Ein kan sjå det både som ein fordel og ei ulempe at det er mogleg å levere høyringsinnspel anonymt. I ei offentleg høyring er det vanleg at ein må oppgi namn og kontaktinformasjon. Me kunne valt å sjå vekk frå dei anonyme innspela, men i denne saka ser me det som nyttig å få flest mogleg innspel/ulike perspektiv, og dei er derfor med i oppsummeringa.

Dette er berre ei oppsummering av høyringsinnspela. Kva som blir kommunedirektøren sine tilrådingar/forslag til vedtak kjem i kommunestyresaka som blir handsama til følgjande tider, av følgjande råd/utval:

- Ungdomsrådet: 19.august 2024
- Funksjonsnedsettes råd: 20.august 2024
- Formannskapet: 26.august 2024
- Kommunestyret: 11.september 2024

Det er også eit politisk folkemøte om saka 21.august 2024.

## 2. Bakgrunn

Bakgrunn for saka er vedtak av verbalpunkt 21 i samband med handsaming av budsjett- og økonomiplan 2024-2027:

*Kommunestyret ber kommunedirektøren om å presentere en sak for kommunestyret med forslag til mandat for en utredning av fremtidig organisering av oppvekstsektoren (barnehage og skole). Utredningen skal i særlig grad belyse kvalitet, ressursutnyttelse, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.*

*Kommunestyret er opptatt av at prosessen med utredningen er godt forankret, og ber kommunedirektøren om sikre medvirkning fra samarbeidsutvalg og de ansatte sine organisasjoner.*

Prosjektmandatet blei vedteke 21. februar 2024, med krav om at saka skal ut på høyring.

Saka er delt i 5 deler, og det har vore høyring på kvar del. Det har vore mogleg å levere høyringsinnspel på alle deler, eller utvalte deler. Det har også vore eit ope kommentarfelt, for andre innspel.

Prosjektet har vore organisert med ei prosjektgruppe med følgjande medlemmer:

### Prosjektleder:

Kommunalsjef for oppvekst

### Medlemmer:

HTV Fagforbundet

HTV Utdanningsforbundet

Leiar for kommunalt foreldreutval

Styrar i Rustå barnehage

SFO- leiar ved barneskulane i Sauda

Rektor ved Fløgstad skule

Rådgjevar for oppvekst

Vidare har det vore ei referansegruppe med følgjande medlemmer:

- Plasstillitsvalte frå kvar barnehage og barneskule ( 7 stk inviterte)
- Foreldreprerentant frå kvar barnehage og barneskule ( 7 stk inviterte)
- Representant for tilsette i småskulen (3 stk inviterte)
- Representant for tilsette i barnehagen (3 stk inviterte)
- Ungdommar (4 stk inviterte)

Den private ideelle barnehagen har også hatt representantar med i dette arbeidet. Utval av tilsette frå barnehage og skule blei gjort av barnehagane og skulane sjølv. For plasstillitsvalte var det fagrørslene som kom med forslag til kven som kunne inviterast, slik at me fekk sikra ei breidde i yrkesgrupper og fagrørslar som var representert. Leiar for ungdomsrådet fekk oppdraget med å finne ungdommar som kunne delta i arbeidet. Det var ikkje eit krav at dei var medlem i ungdomsrådet.

Referansegruppa fekk i første møte informasjon om at deira rolle var å vere «ein spegel» for å hjelpe prosjektgruppa til å jobbe jamfør oppdraget frå kommunestyret. Referansegruppa er bedt om å gi innspel, tilbakemeldingar og råd på ulike områder i saka.

Blant anna har dei fått stille spørsmål via Learnlab i kvart møte, slik at administrasjonen kan svare ut «det folk lurar på.» [Spørsmål og svar er fortløypande presentert på Sauda kommune sin heimesider.](#)

### 3. Høyringsuttalar

Ved svarfristens utløp har det kome inn 79 høyringsuttalar.

Desse er fordelt slik mellom lag/organisasjonar og enkeltpersonar:

Fagrørslar:

Fagforbundet Sauda  
Skolenes Landsforbund Austarheim skule  
Utdanningsforbundet Sauda

Samarbeidsutval (SU) og foreldreorganisasjonar (FAU):

SU Rustå barnehage  
SU Veslefrikk barnehage  
SU Leabøen barnehage  
SU Fløgstad skule  
SU Risvoll skule  
SU Austarheim skule  
SU Sauda ungdomsskule  
FAU Sauda ungdomsskule

Faggrupper:

Styrere i kommunale barnehager  
Indre Ryfylke PPT  
Koordineringsgruppe BTI (betre tidleg og tverrfagleg innsats)  
*(Dette er ei faggruppe som koordinerer det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge i Sauda)*  
Barne- og familieteamet  
Psykologforeningen i Sauda

Andre råd/utval:

Ungdomsrådet

Andre interesseorganisasjonar:

Saudasjøen Utvikling  
IL Ny Von

Enkeltpersonar:

Det har kome 60 uttalar frå enkeltpersonar. Desse uttalane representerer 64 personar, fordi nokre har sendt innspel saman.

8 har valt å sende uttale anonymt, eller berre bruke førenamn eller rolle.

Følgjande personar har sendt innspel:

Anonym

Charles Hauge

Maria Bokn Montoya

Janne M. Aabø

Wenche Hoftun

Rune Hoftun

Emma

Sjur Hatlen

Tor Ingve Fatnes

Arild Pedersen

Åge Fjellheim Midtun

Lisa Geiss

Aud Basgård

Kjell Vidar Hovland

Magnar Birkeland

Øyvind Grassdal

Olaug Drarvik

Anfinn Klementsens

Kai Rasmus

Conny Rasmus

Solfrid

Gro Elin Ch Haraldsen

Tina R. Midtun

Anonym

Gunnar Haraldsen

Aud Johanne Bruknapp

Kristine Frogner

Sigrid B. Fatnes

Irene Bakke og Jostein Hindrumen

Signy Christensen

Tone Jensen

Grete

Jannicke Salangi

Brynjar Saua

Stine Kufaas

Eirik Daniel Fatnes

Raymond Tjordal

Lisbeth Olsen

Kirsten Hellerdal Fosstveit

Siv

Inge Kolbein Fatnes

Håvard Um Mjøen

Far til to skolebarn

Anonym

Jan Otto Kanestrøm

Silje Fatnes Skaarer

Synnøve Fatnes

Eirik Hellerdal Fosstveit  
Cathrine Larsen  
Vidare Seim og Elin Røyrvik Seim  
Kristin Vatne  
Guro Fatnes Saua og Tor Olaf Johnsen  
Siv Hege  
Christina M. Skaar Nordvik og Sigbjørn J. Nordvik  
Kjersti Bruknapp  
Lene H. Thomassen  
Bård Sørnes  
Lena Stråbø Olsen  
Øystein Birkeland  
Anne Kristine Lie-Nilsen

## 4. Høyringsområde

---

### *Del 1: Barns beste vurdering*

---

Barnekonvensjonen art 3 og art 12, Grunnloven § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle barn rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei, og at barns beste skal vere eit grunnleggjande omsyn.

I ei barns beste vurdering treng ein eit breitt informasjonsgrunnlag, som ein deretter skal vurdere og vekte: Kva skal telje mest? Endeleg skal ein vise barns beste vurderinga gjennom å dokumentere kva som er lagt vekt på og grunngje dette.

I denne barns beste vurderinga er det å innfri barns rettar (lovkrav), som bidreg til at me innfrir dei nasjonale mål for barnehage og skule (utdanningsoppdraget), vekta høgast. Deretter kjem barns interesser og behov, og til slutt andre interesser og behov i saka.

Det kjem fram av barns beste vurderinga at det som har fått lågare vektning også er viktig i ei heilskapsvurdering.

Barns beste vurdering ligg overordna alle strukturalternativ. Dei strukturalternativ som er gjort ei utgreiing av i denne saka, og eventuelt andre. Det vil sei at det *er ei systemretta* barns beste-vurdering. Ei systemretta barns beste vurdering inneber at det ikkje gjort ei vurdering for kvart alternativ, fordi same kva alternativ ein vel så er vurderinga at barns rettar må bli vekta høgast.

Om det bør vere fleire moment/meir spesifiserte moment med i barns beste vurderinga, for å kunne gjere ei god vurdering, kan høyringsuttalane gi verdifulle innspel om.

[Barns beste vurderinga kan du lesa her.](#)

### Prosess for å kome fram til barns beste vurderinga:

Prosjektgruppa for framtidens oppvekst ba fagrørslar, samarbeidsutval og styret i den private ideelle barnehagen om innspel til barns beste vurderinga.

Dei fekk 4 spørsmål prosjektgruppa ønska innspel på:

1. Kva positive konsekvensar kan det ha for barn sitt tilbod, om me beheld barnehage- og skulestrukturen slik den er i dag?
2. Kva negative konsekvensar kan det ha for barn sitt tilbod, om me beheld barnehage- og skulestrukturen slik den er i dag?
3. Kva positive konsekvensar kan det ha for barn sitt tilbod, om me endrar barnehage- og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?
4. Kva negative konsekvensar kan det ha for barn sitt tilbod, om me endrar barnehage- og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?

Fagforbundet, Delta, Skolenes Landsforbund, Utdanningsforbundet og alle samarbeidsutvala ved dei kommunale barnehagane og alle grunnskulane gav sine innspel. [Desse innspela finn de her.](#)

Basert på alle innspela, blei det laga ein oversikt som inneheld alle innspel. Innspela blei sorter i 3 område:

- a) Barns rettar
- b) Barns interesser og behov
- c) Andre interesser og behov

Referansegruppa fekk sjå oversikten i eit arbeidsmøte, og dei blei bedt om å uttale seg om det var noko dei sakna i oversikten på kvart av dei tre områda over. Learnlab blei brukt som verktøy for å samle innspel. [Innspela frå referansegruppa finn de her.](#)


Ei arbeidsgruppe i prosjektgruppa gjekk gjennom og vurderte alle innspel frå referansegruppa, og reviderte oversikten. Basert på dette laga arbeidsgruppa eit utkast til barns beste vurdering, som blei lagt fram for prosjektgruppa.

Prosjektgruppa gav sine innspel, og det blei laga ei endeleg barns beste vurdering.

**Prosjektgruppa støtta einstemmig den barns beste vurderinga som var gjort, og kommunedirektøren valte å bruke denne i saksframlegget.**

Høyringsuttalar:

Slik fordeler uttalane som har kome om barns beste vurderinga:



Kommentarar:

Dei som har delte meiningar i saka, eller ikkje er samde i barns beste vurderinga, vil at barnehage og skule i nærmiljøet skal bli vekta høgare som ein trivsel- og tryggleiksfaktor i barn sine liv, i tillegg til verdien for psykisk og fysisk helse i det å kunne gå/sykle til skulen. Fleire har også gitt uttale om at verdien av å ha søsken på same skule bør bli vekta høgt, og nærleiken og samarbeidet mellom barnehage og skule som ligg nær kvarandre. Fleire saknar også ei barns beste vurdering som i større grad gjer ei vurdering av overgangar, og den påverknad desse har på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Det er også fleire innspel om at barnehage og skule i nærmiljøet har ein verdi for rekruttering av nye innbyggjarar, og er viktig for Sauda si samfunnsutvikling. Det har kome særleg mange innspel frå dei som meiner at Saudasjøen sin bustadattraktivitet er knytt til om det er skule der, eller ei. Skulen sin verdi som møtestad og samlingspunkt utanfor skuletid blir også løfta fram.

Nokre innspel handlar om at vektinga tar for mykje omsyn til arealbruk, universell utforming og skåring på nasjonale prøvar.

Av dei som støttar barns beste vurderinga blir det vektlagt at kvaliteten på tilbodet må stå som nr. 1, med gode og solide fagmiljø.

---

## Del 2: Nå-biletet

---

Det er konsulentfirmaet Norconsult som har gjennomført prosessen som har ført fram til ein rapport som beskriv nå-situasjonen på dei områda kommunestyret gjennom prosjektmandatet vedtok skulle belyst.

Å finne nå-biletet blei avgrensa til barnehagar og barneskular. Kommunedirektøren har forstått prosjektmandatet slik at ikkje ungdomsskulen skulle vere omfatta av arbeidet, i og med at kommunestyret i sitt vedtak blant anna spesifiserte at det skulle vere med representantar frå småskulen i referansegruppa, og at det ikkje er behov for å sjå på strukturen for ungdomsskulen. Det er likevel naturleg å ta med ungdomsskulen i dei vidare vurderingar som blir gjort i saka, til dømes på området kompetanse og ressursutnytting. Det er berre «ei kake» når det gjeld tilgang til kompetanse og ressursar, og ungdomsskulen skal også vere med og dele denne.

Sauda kommune har ikkje tatt formell kontakt med styret i den private ideelle barnehagen med invitasjon til deltaking i utgreiingsarbeidet, og ser i ettertid at det burde vore gjort på eit tidlegare tidspunkt. Den private ideelle barnehagen har likevel via styrar fått invitasjon til å delta i heile prosessen, også i prosessen med Norconsult. Styrar takka på vegne av barnehagen nei til å delta i prosessen med Norconsult, grunna i at det er kommunen som har vurdert behov for å greie ut sitt tenestetilbod. Den private ideelle barnehagen har vurdert at dei ikkje er ein naturleg del av ein slik prosess/har ikkje vurdert at dei har eit slikt behov. Barnehagen har hatt representantar med i referansegruppa, og har fått invitasjon til å gi innspel i alle del-prosessar, på lik linje med samarbeidsutvala. Styret i Brakamoen barnehage SA fekk undervegs i prosessen ein formell invitasjon til dialog for å drøfte kommunal overtaking av barnehagen. Styret takka nei til denne invitasjonen, med grunngjeving om at dei ønska å halde fram med drifta slik den er i dag. Kommunedirektøren vil løfte fram at det har vore ein open og god kommunikasjon med den private ideelle barnehagen gjennom heile prosessen.

Norconsult har brukt fleire informasjonskjelder for å få samla informasjon og oversikt på dei ulike områda:

- Tal frå SSB (statistisk sentralbyrå), GSI (grunnskulens informasjonssystem) og BASIL (barnehagenes innrapporteringsystem), KOSTRA m.fl.
- Offentlege resultat frå undersøkingar og prøvar som gjeld barnehage- og skuleområdet
- Lokale rutinar og planar (internkontroll)
- Fokusgruppeintervju: I kvar barnehage og barneskule blei det gjennomført intervju med eit ressursteam som bestod av leiing og tilsette/representantar. Vidare har dei gjennomført intervju med driftsavdeling (teknisk, IKT og reinhald), støttetjenester (barnevern, psykisk helse, kommunepsykolog, PPT, helsestasjon), SFO-leiar og kommuneleiing på oppvekstområdet.
- Observasjon – synfaring: Det er gjennomført synfaring saman med rektor/styrar i alle dei kommunale barnehagane og barneskulane. Nokre stader var også ressurspersonar som kjenner bygga med på synfaringa.
- Spørjeundersøkingar til alle elevar, tilsette og føresette.
- Spørsmål til alle elevråd.
- Intervju med representantar frå fire andre kommunar, som har gjennomført strukturendringar.



Dette informasjonsgrunnlaget er analysert og vurdert i lys av nasjonale føringar og lovkrav for barnehage og skule, samt kommuneplan, budsjett- og økonomiplan 2024- 2027.

All informasjonen er samla i ein omfattande rapport som gir Norconsult sine faglege vurderingar av nå-situasjonen i barnehage og skule, og gir råd om framtidige grep.

Rapporten er eit omfattande dokument, men ein kan lesa eit samandrag på side side 5 – 8 i rapporten.

[Rapporten finn du her.](#)

#### Prosess for å kome fram til nå-biletet:


Norconsult gjennomførte intervju og synfaring 20. og 21.mars 2024. Tilbakemeldingane frå dei tilsette som blei intervjuja av Norconsult, var positive. Dei opplevde seg høyrte og lytta til, og dei opplevde Norconsult som fagleg retta. Tilbakemeldingane har vore at det kom tydeleg fram at Norconsult hadde god kjennskap til barnehage- og skuledrift, at dei var fagpersonar på området.

Utover dette har dokument og informasjon blitt sendt på e-post, og det har undervegs blitt gjort ulike avklaringar mellom Norconsult og kommuneleiinga i jamlege Teams-møter.

**Tilbakemeldingar i prosjektgruppa og frå fagfeltet er at folk i hovudsak kjenner seg att i rapporten til Norconsult.**

#### Høyringsuttalar:

Slik fordeler uttalanane seg for om rapporten frå Norconsult gir eit realistisk bilete av slik tilbodet er i barnehagane og skulane i dag:



Kommentarar:

Fleire kommenterer dette med mangel på kompetanse og sårbart/lite robust kompetansemiljø, og uro for dette. Fleire oppmodar også Sauda kommune om å sjå på betre kompetansefordeling av lærarar mellom skulane, og få til meir samarbeid om kompetanse mellom skulane.

PPT kommenterer utsegn i rapporten om at det er lærarar som meiner fleire elevar skulle hatt spesialundervisning med at PPT følgjer nasjonale retningslinjer for rettleiing og tilrådingar, og dei meiner spesialundervisning ligg på eit realistisk nivå i saudaskulen i dag.

Fleire meiner at Norconsult fokuserer for mykje på problem/det som er negativt, og for lite på det som Sauda lukkast med på oppvekstfeltet. Blant anna nemnar fleire at Norconsult i for høg grad fokuserer på «harde fakta» som kvalitet på bygg, utnytting av areal og resultat på prøvar, framfor relasjonelle forhold og tryggleiken ved nærskule. Fleire stiller også spørsmål ved om Norconsult kan ha gjort rette vurderingar av areal på Austarheim skule, når dei hevdar det skal vere plass til 100 fleire elevar.

Ungdomsrådet seier at rapporten peikar på fleire problem som Sauda kommune må jobbe med framover for å løyse.

Fleire saknar at den private ideelle barnehagen og ungdomsskulen også var omfatta av undersøkingane.

Det har også kome kommentarar om at foreldreundersøkinga inneheldt mange spørsmål som var vanskelege for foreldre å gi eit svar på.

---

### *Del 3: Framtidsbiletet*

---

Framtidsbiletet gir ei nærare beskriving av kva som er den ønska situasjonen for barnehage- og skuletilbodet i Sauda. Framtidsbiletet må byggje på dei nasjonale mål og føringar for barnehage og skule. Kommunane jobbar på oppdrag for staten på utdanningsområdet.

Dei nasjonale sektormål for barnehage og skule er følgjande:

<b>Nasjonale sektormål for barnehage</b>	<b>Nasjonale sektormål for grunnskule</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø</li><li>- barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt</li><li>- dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse</li><li>- alle har tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø</li><li>- barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt</li><li>- tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse</li><li>- alle lukkast i opplæringa og utdanninga</li></ul>

I kommunedelplan for oppvekst og kultur, som skal erstattast av ein strategiplan for oppvekst, har Sauda visjonen « **Me løftar saman for å skape læring, opplevingar og relasjonar for livet.**» Ein slik visjon står seg framleis.

Framtidsbiletet gir ei nærare presisering av korleis me vil det skal vere når me har eit optimalt barnehage, skule- og SFO-tilbod for alle barn. Kall det gjerne eit «glansbilete.» Framtidsbiletet tar ikkje omsyn til struktur. Det vil koma fram av saksframlegget om kommunedirektøren vurderer at framtidsbiletet kan la seg realisera innanfor dagens struktur, og eventuelt kva tiltak det krev. Eventuelt om kommunedirektøren vurderer at ein annan struktur vil vere meir føremålstenleg for å innfri framtidsbiletet. Eit framtidsbilete gir ingen tiltak. Tiltak vil me koma tilbake til i strategiplanen som skal erstatte kommunedelplan for oppvekst og kultur.

Framtidsbiletet for barnehage, skule og SFO i Sauda er formulert slik:

#### Våre barnehagar, skular og SFO

- *er ein stad med rom for mangfald, der alle opplever å bli sett, tolt og høyre til i leik og læring*
- *tilbyr alle barn eit leike- og læringsmiljø som fremjar god fagleg, sosial, emosjonell og fysisk utvikling*
- *har eit romsleg, fleksibelt og stimulerande fysisk miljø, ute og inne, der alle barn får vere aktive og lære gjennom å leike, eksperimentere, utforske og skape*
- *ser nærmiljøet som ei viktig kjelde for meiningsfull, praktisk og variert leik og læring*
- *har motiverte tilsette med oppdatert kompetanse, tid og ressursar til å tilpasse tilbodet til alle barn sine rettar, interesser og behov*
- *er ein arena for samskaping både mellom tilsette og med ulike tenester, som samla har kompetanse og erfaring til å løyse samfunnsoppdraget*

#### Prosess for å kome fram til framtidsbiletet:

Prosjektgruppa for framtidens oppvekst ba fagrørslar, samarbeidsutval og styret i den private ideelle barnehagen om innspel til eit framtidsbilete.

Spørsmåla dei fekk tok utgangspunkt i prosjektmandatet, og dei områda som av kommunestyret er ønska belyst.

Spørsmåla dei fekk var:

1. Kva ønskjer de skal kjenneteikna praksis i barnehagen/skulen på området kvalitet?
2. Kva ønskjer de skal kjenneteikna praksis i barnehagen/skulen på området ressursutnytting?
3. Kva ønskjer de skal kjenneteikna praksis i barnehagen/skulen på området kompetanse?
4. Kva ønskjer de skal kjenneteikna praksis i barnehagen/skulen på området læringsmiljø?
5. Kva ønskjer de skal kjenneteikna praksis i barnehagen/skulen på området utvikling?

Fagforbundet, Delta, Skolenes Landsforbund, Utdanningsforbundet og alle samarbeidsutvala ved dei kommunale barnehagane og alle grunnskulane gav sine innspel. [Innspel finn du her.](#)

Referansegruppa fekk sjå oversikten i eit arbeidsmøte, og dei blei bedt om å uttale seg om det var noko dei sakna. Learnlab blei brukt som verktøy for å samle innspel. [Innspel frå referansegruppa finn du her.](#)


Ei arbeidsgruppe i prosjektgruppa gjekk gjennom alle innspel frå referansegruppa, og reviderte oversikten med nye innspel. Basert på dette laga arbeidsgruppa eit utkast til framtidsbilete, som blei lagt fram for prosjektgruppa.

Prosjektgruppa gav sine innspel, og det blei laga eit endeleg framtidsbilete.

**Prosjektgruppa støtta einstemmig det framtidsbiletet som var laga, og kommunedirektøren valte å bruke dette i saksframlegget.**

Høyringsuttalar:

Slik fordeler dei innkomne uttalar seg for om framtidsbiletet gir eit godt bilete for den ønska situasjon i barnehage og skule.



Kommentarar:

Nokre kommenterer at framtidsbiletet er flott og ambisiøst, men lurar på om det er realistisk. Det har også kome innspel på at trygge og gode relasjonar mellom elevar, og mellom lærarar og elevar, bør nemnast særskilt i eit framtidsbilete.

Ein saknar at økonomi/effektiv drift er nemnt i framtidsbiletet.

---

## Del 4: GAP-analyse

---

Ein GAP-analyse analyserer gapet, eller avstanden, mellom nå-situasjonen og framtidsbiletet.

Nå-situasjonen er beskrevet i rapporten frå Norconsult, og i saksframlegget er det laga ein kortversjon av denne. Framtidsbiletet er formulert etter lokale prosessar, basert på nasjonale krav og føringar.

Er det eit stort gap, ein stor avstand, mellom nå-situasjonen og framtidsbiletet, kan det vere grunnlag for å foreslå endringar i struktur. Eller kompensierende tiltak. Er det liten avstand mellom nå-biletet og framtidsbiletet, er det kanskje ikkje grunn til å endre noko, verken av struktur eller tiltak.

Som del av dette prosjektet er ikkje den gjennomførte GAP-analysen noko anna enn eit bilete av kva eit utval personar her og nå tenker og vurderer om situasjonen. Meir enn sjølve svaret har ein slik GAP-analyse sannsynleg størst verdi for å få i gang refleksjonar over kor me er, og kor me vil.

NB! Resultatet av den gjennomførte GAP-analysen må brukast med omhu, og kan ikkje visast til som ei «folkemeining» i saka. Resultatet av denne blir heller ikkje vektlagt i saksframlegget til kommunedirektøren.






### Prosess for å kome fram til GAP-analysen:

Referansegruppa gjennomførte ein GAP-analyse. Dei skulle vurdere korleis dei sjølv opplevde situasjonen i barnehage/skule, opp mot kvart punkt som er beskrevet i framtidsbiletet.

I dette møtet var det fleire i referansegruppa som ikkje hadde høve til å møte, og deltakarane kunne svare på dei spørsmål dei ønska å svare på.

Deltakarane gav eit tal på ein skala frå 1 – 5 for korleis dei vurderer GAP'et mellom nå-situasjonen og framtidsbiletet er. Talet 1 indikerer stor avstand/låg måloppnåing, og talet 5 indikerer liten avstand/høg måloppnåing.

### Vurderingsgrunnlag:

Måloppnåing		Beskriving
Høg		Det er ingen avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Nokså høg		Det er liten avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Middels		Det er middels avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Nokså låg		Det er ingen nokså stor avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Låg		Det er stor avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)

Den same øvinga gjorde medlemmene i prosjektgruppa.

Det blei rekna ut ein snittskåre på innkomne resultat, samla for referansegruppa og prosjektgruppa. Tala blei i ettertid omsett til fargekodar, for meir visuell framstilling av resultat. Det blei brukt tilsvarande fargeskala som Norconsult har brukt i sin rapport, der 1 er raud og mørk grøn er 5.

Alle tal blei runda oppover til næraste heile tal. Døme: 3,5 blei runda av til 4, og hamna dermed i lys grøn fargekode.

Visuell framstilling av GAP-analysen samla frå referansegruppa og prosjektgruppa:

<b>Framtidsbilete</b>	<b>Vurdering av status med dagens barnehagestruktur</b>	<b>Vurdering av status med dagens barneskulestruktur</b>
<b>Barnehagane, skulane og SFO</b>		
-er ein stad med rom for mangfald, der alle opplever å bli sett, tolt og høyre til i leik og læring		
-tilbyr alle barn eit leike- og læringsmiljø som fremjar god emosjonell, sosial, fysisk og fagleg utvikling		
-har eit romsleg, fleksibelt og stimulerande fysisk miljø, ute og inne, der alle barn får vere aktive og lære gjennom å leike, eksperimentere, utforske og skape		
-ser nærmiljøet som ei viktig kjelde for meningsfull, praktisk og variert leik og læring		
-har motiverte tilsette med oppdatert kompetanse, tid og ressursar til å tilpasse tilbodet til alle barna sine reitar, interesser og behov		
-er ein arena for samskaping både mellom tilsette og med ulike tenester, som samla har kompetanse og erfaring til å løyse samfunnsoppdraget		

Høyringsuttalar:

Slik fordeler dei innkomne uttalane seg for vurderingane som er gjort i GAP-analysen:



Kommentarar:

For dei som var involvert i gjennomføringa av GAP-analysen har det kome tilbakemeldingar om at dei fekk kort tid til å tenke og vurdere over kva svar dei skulle gi. Dette er kommentert i fleire svar.

Nokre uttalar går på at ein samla GAP-analyse for barnehagane og skulane ikkje får fram dei skilje ein opplever det er i kva tilbod ein greier å gi barn og unge i dei ulike barnehagane og skulane, fordi føresetnadane både når det gjeld bygg, areal, ressursar og kompetanse ikkje er like for alle. Samarbeidsutvalet ved Leabøen barnehage meiner til dømes at det er gitt for høg skåre for det som vedkjem bygg for denne barnehagen.

Nokre har kommentert at manglar i byggkvalitet- og funksjon, og manglande ressursar til å gjere jobben, gjer at det blir ein dårlegare skåre på fleire område.

Det er også kommentarar på at det er vanskeleg å forstå kva som er vurderingsgrunnlaget for denne analysen, kva er nå-situasjonen opp mot framtidsbiletet, og forstå kva tala representerer og at analysen er ei for enkel framstilling til å bli brukt i ei slik sak.

---

## Del 5: Tiltak

---

I denne saka er tiltak definert som kva organisering/struktur som er tilrådd for at Sauda kommune skal kunne gi alle barn og unge eit barnehage- og skuletilbod som innfrir nasjonale målsettingar for utdanningstilbodet, og for at framtidsbiletet skal kunne la seg realisere.






Norconsult har gjort sine vurderingar av både dagens organisering (alternativ 0), dagens organisering med oppgradering av bygg/anlegg (alternativ 0 +), og andre alternativ som følgjer det vedtekne prosjektmandatet.

Norconsult har vurdert dei ulike strukturalternativ opp mot dei områda som var ønska belyst, jamfør prosjektmandatet. Dei har sett nokre av desse områda saman i sine vurderingar, fordi ein vanskeleg får til det eine utan det andre.

Slik har Norconsult grupper områda som er vurdert. Av tabellane under kjem det fram ei nærare beskriving av kva som er vurdert under kvart område.

- Utvikling, kvalitet og kompetanse
- Ressursutnytting
- Læringsmiljø
- Senterutvikling og nærmiljø

Desse fargekodane har Norconsult brukt for å vurdere dei ulike strukturalternativ:

Grad av måloppnåing	Vurdering (V)	Forklaring
Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad



## 12 Framtidig barnehagestruktur

1. Alternativ 0: Dagens organisering
2. Alternativ 0+: Dagens organisering, med oppgraderte bygg/nedskrivning av kapasitet
3. Alternativ 1a : Leggje ned ein kommunal barnehage Leabøen.
4. Alternativ 1b : Leggje ned ein kommunal barnehage Rustå
5. Alternativ 2: Ein felles kommunal barnehage ved å byggje på ein av dei eksisterande.

(Alle alternativ forutset framleis drift av Brakamoen barnehage SA med 96 plassar)

### 12.6 Oppsummering og tilråding

Alternativ		Alt 0	Alt 0 +	Alt 1a	Alt 1b	Alt 2
Utvikling, kvalitet og kompetanse	Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagt kompetanse	Orange	Orange	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Gul	Gul	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar robuste leiarteam	Orange	Orange	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Gul	Gul	Grønn	Grønn	Grønn
Ressursutnytting	Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Sauda kommune	Rødt	Orange	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Orange	Orange	Grønn	Grønn	Grønn
Læringsmiljø	Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette	Orange	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar trygg trafikk situasjon og barnehageveg	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn	Grønn	Grønn	Gul	Orange	Orange
	Alternativet tilfredsstiller krav til godt og framtidssretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Orange	Grønn	Grønn	Gul	Grønn
	Alternativet tilfredsstiller krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	Orange	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn
	Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn
Senterutvikling og nærmiljø	Alternativet fremjar ønska senterutvikling og gode nærmiljø	Gul	Gul	Gul	Gul	Orange

## Framtidig skulestruktur

- 0: Dagens struktur
- 0+: Dagens struktur, oppgraderte bygg
- 1: Justerte kretsgrenser
- 2a: To skular: 1-4 Austarheim og 5-7 Fløgstad
- 2b: To skular: 1-7 Austarheim og Fløgstad
- 3a: Ein skule: Fløgstad
- 3b: Ein skule: Austarheim
- 4: Ny skule i sentrum

	Alternativ 0	Alternativ 0+	1	Alternativ 2a	Alternativ 2b	3a	Alternativ 3b	Alternativ 4
<b>MÅLSETJING</b>								
<b>Utvikling, kvalitet og kompetanse</b>								
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
<b>Ressursutnytting</b>								
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Sauda kommune	Red	Red		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Orange	Yellow		Green	Green		Green	Green
<b>Læringsmiljø</b>								
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette	Yellow	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar trygg skuleveg	Green	Green		Yellow	Yellow		Yellow	Yellow
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Green	Green		Yellow	Yellow		Yellow	Yellow
Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Orange	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	Red	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Yellow	Yellow		Green	Green		Green	Green
<b>Senterutvikling og nærmiljø</b>								
Alternativet fremjar ønska senterutvikling og gode nærmiljø	Yellow	Yellow		Yellow	Yellow		Orange	Yellow


### Prosess for å kome fram til tiltak:

Mandatet til prosjektgruppa var å finne ei framtidig tilråding for organisering av barnehage og skule i Sauda, og prosjektgruppa har av den grunn berre jobba med å finne eit alternativ til framtidig struktur.

Basert på Norconsult sine vurderingar av dei ulike alternativ, fekk referansegruppa gi sine innspel til korleis dei ønskjer at barnehagane og skulane skal vere organisert i framtida. Dette blei gjort gjennom bruk av det digitale verktøyet LearnLab, der kvar deltakar gir sitt svar, utan at andre kan sjå kven som har svart kva.

For barnehage viste svara frå referansegruppa at 10 av 16 vil behalde dagens struktur, med 3 kommunale barnehagar. 7 ønskjer at desse skal oppgraderast.


## Basert på informasjonsgrunnlaget du har nå, kva meiner du er det beste alternativet for barnehagestruktur i Sauda i framtida?



16 responses so far

For skule var referansegruppa delt i to. 7 vil behalde dagens struktur og 7 ønskjer endring, der 5 vil ha ein felles skule.

## Basert på informasjonsgrunnlaget du har nå, kva meiner du er det beste alternativet for barneskulestruktur i Sauda i framtida?



Prosjektgruppa gjorde same øving som referansegruppa, der ingen av medlemmene visste kva andre ville svara.

**Prosjektgruppa var einstemmige i at ein ønskjer å behalde dei kommunale barnehagane i Sauda.**

**For skule var også prosjektgruppa einstemmige i at ein for framtida ønskjer ein felles barneskule. 6 av medlemmene ønskja at det skal byggast ein ny skule sentrumsnært. 1 medlem ønskja at det skal byggjast ein ny skule der Austarheim skule i dag står.**

**Kommunedirektøren valte å følgje prosjektgruppa sine innspel i sitt forslag til vedtak.**

I saksframlegget frå kommunedirektøren blei det lagt inn ei mellomløyising, fram til ein ny skule kan stå ferdig. Norconsult seier at det minst går 3-4 år frå vedtak til ein ny skule kan stå ferdig. Sannsynleg kan det gå lengre tid, med utgreiingsarbeid på ulike område.

Med bakgrunn i dei faglege analysar og vurderingar Norconsult har gjort av situasjonen i skule, og den økonomiske omstillingsprosessen kommunestyret har vedteke at Sauda kommune skal gjennom, la kommunedirektøren fram eit forslag om at det fram til ein ny skule kan stå klar blir laga ei mellomløyising ved å samle 1. – 4.klasse på ein skule, og 5. – 7.klasse på ein skule. Kommunedirektøren sin bakgrunn for forslaget var altså *både* pedagogiske og økonomiske.

Dette var eit forslag som ikkje har vore gjennom nokon prosess, anna enn at Norconsult i sine vurderingar på dei fleste område har vurdert dette alternativ som eit betre alternativ enn dagens struktur.

Dagens organisering

1.-4./5.-7.organisering



	Alternativ 0	Alternativ 0+	1	Alternativ 2a	Alternativ 2b	3a	Alternativ 3b	Alternativ 4
<b>MÅLSETJING</b>								
<b>Utvikling, kvalitet og kompetanse</b>								
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, skulehelsestenesta, BVT m.fl.)	Orange	Orange		Yellow	Yellow		Green	Green
<b>Ressursutnytting</b>								
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Sauda kommune	Red	Red		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Orange	Yellow		Green	Green		Green	Green
<b>Læringsmiljø</b>								
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette	Yellow	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar trygg skuleveg	Green	Green		Yellow	Yellow		Yellow	Yellow
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Green	Green		Yellow	Yellow		Yellow	Yellow
Alternativet tilfredsstiller krav til godt og framtidsetta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Orange	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet tilfredsstiller krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	Red	Green		Green	Green		Green	Green
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Yellow	Yellow		Green	Green		Green	Green
<b>Senterutvikling og nærmiljø</b>								
Alternativet fremjar ønska senterutvikling og gode nærmiljø	Yellow	Yellow		Yellow	Yellow		Orange	Yellow

Norconsult vurderer at alternativ 2a, med organisering av 1.-4.klasse og 5.-7.klasse i to bygg, vil flytte oss frå oransje (nokre låg grad av måloppnåing), til gult (middels grad av måloppnåing), på området utvikling, kvalitet og kompetanse.

Når det gjeld ressursutnytting vurderer Norconsult at me flyttar oss frå raudt, dvs. låg måloppnåing, til mørk grøn, dvs. høg måloppnåing.

På området læringsmiljø vurderer Norconsult at me på dei fleste område også flyttar oss i positiv retning ut frå dagens alternativ, men då er det lagt til grunn at bygga er oppgradert. Me vil få same effekt på området læringsmiljø som i alternativ 2a om me beheld dagens struktur, og oppgraderer bygga. (Alternativ 0 +.)


Norconsult vurderer at me ved alle strukturendringar flyttar oss i noko negativ retning, frå lys grøn (nokså høg måloppnåing) til gult (middels måloppnåing), når det kjem til området skuleveg og reisetid.

For senterutvikling og nærmiljø har ikkje Norconsult vurdert at det blir endringar.


Kommunedirektøren la vekt på Norconsult sine vurderingar når dette blei fremja som ei mellomløsning.

Høyringsuttalar:

Barnehage:



### Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?



#### Kommentarar:

Samarbeidsutvala i alle barnehagane ønskjer alternativ 0 +, at dagens kommunale barnehagar blir behalde og oppgradert.

Av skulane er det berre Fløgstad skule som har uttalt seg om barnehage, og dei svarar ja til å behalde dagens struktur.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet uttalar begge at dei ønskjer å behalde dagens barnehagestruktur.

Fleire gir innspel på betydinga av å behalde dei kommunale barnehagane, og at dei må oppgraderast jamfør 0 +. Eit innspel seier at alle barnehagar må kunne leggje til rette for å inkludere alle barn med ulike behov for føresetnadar.

PPT uttalar at dei ser at det å leggje ned ein barnehage kan gi betre utvikling, kvalitet og kompetanse, ressursutnytting og læringsmiljø.

Fleire nemnar at det er viktig å behalde ein barnehage i Saudasjøen. Eit innspel handlar om at små barnehagar er trygge for barna.


Nokon meiner at den private ideelle barnehagen burde vore med i analyse- og vurderingsgrunnlaget, og at kommunen bør gå i dialog med eigar for å sjå på kommunalt eigarskap også for denne.

Barneskule, foreslått framtidig løysing:

I denne oversikten er det 4 høyringsuttalar som ikkje har kome med, fordi dei har nytta andre måtar å sende høyring på enn Forms-skjema.

Barne- og familieteamet seier ja til ein felles barneskule. 1 person seier ja, og 1 person seier nei.

Psykologforeningen i Sauda har ikkje tatt stilling til struktur



Kommentarar:

Samarbeidsutvala Rustå og Veslefrikk barnehagane er delte i meiningane om ein ny skule, eller ei. Samarbeidsutvalet for Leabøen barnehage har valt å ikkje uttale seg om skule.

Samarbeidsutvala ved Fløgstad skule og Sauda ungdomsskule er positive til ein felles barneskule. Samarbeidsutvalet ved Austarheim skule er delte i sine meiningar. I kommentarfeltet skriv dei at dei i hovudsak er einige, men har nokre moment som må med i vurderinga av ein ny felles barneskule. Desse handlar om at det blir sett av stor nok areal til ein barneskule og uteområdet, og frykt for store kutt i ressursar til drift ved ein felles skule.

Samarbeidsutvalet ved Risvoll skule seier nei til ein felles barneskule. Frå kommentarfeltet til Risvoll er det lagt inn tal frå ei undersøking gjennomført blant føresette og tilsette. 83 føresette har svart, og 43 ønskjer ikkje ein felles barneskule. 21 ønskjer ein felles barneskule og 14 er usikre. Blant dei tilsette er det 50 % som ønskjer ein felles barneskule, og 50 % ønskjer ikkje dette.

Fagforbundet svarar ja til ein felles barneskule, mens Skolens Landsforbund Austarheim skule og Utdanningsforbundet svarar at det er delte meiningar i saka.

Barne- og familieteamet og PPT seier ja til ein felles barneskule. Styrarane i kommunale barnehagar er delte i meiningane.



Fleire innspel handlar om at ein må sjå på grep for å gi alle barn eit likeverdig tilbod i skulane. Nokre meiner ein må endre struktur for å få det til. Andre meiner ein kan sjå på andre tiltak for å få til dette, og behalde dagens struktur. Fleire nemnar dette med å sjå på fordeling av lærarkompetanse mellom skulane/ flytte på lærarar.

Det helsefremjande ved at mange kan gå/sykle til skulen i dag blir løfta fram i fleire innspel, og ein er uroa for kva det gjer med barn si helse om dei må køyra buss til skulen.

Det er fleire innspel som omhandlar tomt/plassering og økonomi i samband med ein ny skule. Det er sakna nærare utgreingar av dette, samt etterbruk av bygg og anlegg. Fleire uttalar at det må til eit forprosjekt før ein konkluderer meir. Nokon har uro for at å byggje ein ny skule vil binde opp så mykje ressursar at det blir lite igjen til andre tenesteområder i kommunen. Det er også innspel som meiner det er fleire løysingar som bør vurderast, før konklusjon.

Andre innspel seier at det er nettopp økonomi som gjer at ein må sjå på grep i skulestrukturen nå, økonomi for å få meir tenestekvalitet i tilbodet for barn og unge for pengane som brukast. Eit døme som blir vist til er legetenesta, der ein ha måtte ta i bruk dyre vikarbyrå for å skaffe kvalifisert arbeidskraft.

Det har kome mange innspel som peikar på Saudasjøen som ei god plassering for ein felles barneskule.

Ein lærarstudent meiner ein felles barneskule kan gir eit større fagfellesskap og ha positiv innverknad på elevar og tilsette. Ungdomsrådet er delt i sine meiningar.

Dei fleste av dei som har sendt innspel, og svart nei til felles barneskule, ønskjer å behalde dagens struktur. Nokon etterspør kvifor det ikkje er vurdert å behalde to skular, der ein ligg i Saudasjøen. I det heile har det kome mange innspel som meiner at ein skule i Saudasjøen er viktig for nærmiljøet, for tilflytting/bustadattraktivitet og vidare utvikling av samfunnet.

Eit innspel handlar om at plasseringa av ein ny skule bør vere sentrumsnær for å nytte alle dei flotte anlegga som er plassert her.

Eit innspel seier at det er nærskule for alle, sjølv om det er ein felles skule i Sauda.

Barneskule, foreslått mellomløsning:

I denne oversikten er det 4 høringsuttalar som ikkje har kome med, fordi dei har nytta andre måtar å sende høyring på enn Forms-skjema. Tre av desse har uttalt seg om mellomløysinga, og dei seier alle nei til denne.



Kommentar:

Dette er punktet som har fått flest kommentarar, og det er mest motstand mot denne mellomløysinga. Kommentaraner handlar om frykt for at det skal bli ei varig løysing, men også om uro for at det blir mange overgangar for barna og den negative effekt for utviklinga deira det kan gi. Svært mange meiner at denne løysinga ikkje er i samsvar med barns beste vurderinga, og at det berre handlar om økonomi.

Det har kome mange kommentarar om manglande innspel/prosess på denne mellomløysinga.

I samarbeidsutvala i Rustå og Veslefrikk barnehage er det delte meiningar om denne løysinga. Samarbeidsutvalet i Leabøen barnehage har ikkje uttalt seg om skule.

Samarbeidsutvala ved Risvoll og Fløgstad skule, samt Sauda ungdomsskule, seier nei til denne mellomløysinga. Samarbeidsutvalet ved Austarheim skule er delte i meiningane.

Fagforbundet, Utdanningforbundet og Skolenes Landsforbund Austarheim skule seier alle nei til denne løysinga.

Barne- og familieteamet seier nei til mellomløysinga, grunngjeve i at det er behov for meir utgreiing av denne ordninga. I PPT er det delte meiningar om denne løysinga, og koordineringsgruppa BTI kommenterer at det er behov for meir informasjon om løysinga. Styrarane i kommunale barnehagar seier ja til løysinga, om kjende lærarar følgjer med i overgangen.

Det er 12 % som seier ja til ei slik mellomløyising. Eit innspel som støttar forslaget handlar om at løysinga gir ein start på ei strukturendring, og vil vere ein overgang til ein ny skule med eit felles lærar- og elevfellesskap.

Mange av dei som ønskjer ein ny felles barneskule, meiner at me må behalde dagens løysing til ein ny skule er klar.

#### Andre innspel og kommentarar:

Det har vore eit ope felt for andre innspel og kommentarar. Mange har nytta dette feltet til å gi innspel på andre område.

Det har kome fleire innspel på at høyringa er lagt til sommaren, og at det har gjort det vanskeleg å få gitt ein uttale. Ein etterspør høyringsuttale frå minoritetsspråklege.

Fleire nemnar at vidare prosess ikkje må bli prega av hastverk, men at ein må bruke den tid og involvering som trengs for å få den beste løysinga for saudasamfunnet, og ta med samfunnsutviklings- og samfunnsøkonomiske perspektiv i vurderingane. Og at ein i mellomtida må gjere grep for å ta tak i dei utfordringane som er avdekka. Nokon saknar at desse kjem endå tydelegare fram, kor alvorleg er det? Andre spør igjen om situasjonen eigentleg er så alvorleg som ein kan få inntrykk av.

Ein nemnar at ein må løfte blikket og sjå kva som vil tene barn og unge i Sauda dei neste 50 år.

Nokon opplever at prosessen har vore «topptung», og at ikkje «dei på golvet» har fått uttalt seg.

Eit innspel seier at noko av det viktigaste er at dei vaksne klarer å ruste barna for endringane som kjem. Barna vil høyre på korleis dei vaksne omtalar løysingar, andres meiningar og liknande, og lærar/taklar det i tråd med dei vaksne si åtferd.

Fleire nemnar at å byggje ein ny skule av økonomiske omsyn må inn i ei heilskapleg vurdering av det kommunale tenestetilbodet. Blant anna meiner Fagforbundet at ein må greie ut helse og velferd, før endeleg konklusjon.

Psykologforeningen i Sauda seier me må bruke dette høvet til å sjå oppvekst og helse for barn og unge saman, og ikkje skape kunstige skille mellom sektorane. Psykologforeningen seier også at Sauda må nytte dette høvet til å gjere grep som kan utjamne dei sosiale skilnadane som er avdekka i Sauda, skilnadar som er samfunnsskapt.